



Helgesen Tekniske-bygg AS

5281 VALESTRANDSFOSSEN

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2008/2137 - 6812/2009	Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24	108/88	01.04.2009

Delegert sak

Løyve til tiltak - tilbygg til næringsbygg Rognaldsen Bakeri AS - gbnr 108/88, 72, 556 Lindås

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteken 02.03.2009 og vedlagt:

- teikningar – mottekne 01.04.2009
- situasjonsplan datert 01.04.2009
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende nabovarsel
- kontrollerklæring for prosjektering
- Samtykke frå Arbeidstilsynet datert 20.01.2009
- Godkjent dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg datert 19.03.2009
- Førehandstilsegn for ny avkjørsle frå fylkesveg datert 23.12.2008
- Avfallsplan

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld utviding av eksisterande bakeri: Nytt lager og varemottak i 1. etasje og mellometasje med lager og kontor. Teikningane er revidert i samsvar med Statens vegvesen sitt krav om 10 m avstand frå vegmidte.

Tilbygget har bebygd areal 760 m² og bruksareal 1186 m²

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. middels	15.600,-
Tilleggsgebyr, lite	2.400,-
SUM	18.000,-

(forts)

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 93, vert søknad om løyve til tiltak godkjent på følgjande vilkår:

1. Tilbygget skal plasserast 10 m frå midten av fylkesvegen, i samsvar med dispensasjon gitt av Statens vegvesen (PBL § 70 nr. 1 og veglova).
2. Eigedomen (bygget) er tilknytt offentleg vatn og avløp. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal sendast til kommunen si VVA-avdeling på særskilt skjema vedlagt turvande planar. Denne søknaden skal også omfatta plan for rensing/gjenvinning av spylevatn/avløp, oljeutskiljar, feittutskiljar m.v..
3. Godkjenning frå mattilsynet må ligga føre før bygningen vert tatt i bruk.
4. Bygningen må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:


SØK		Helgesen Tekniske Bygg AS
PRO/KPR	Bygningar og installasjonar t.kl.2	Helgesen Tekniske Bygg AS
UTF/KUT	Bygningar og installasjonar t.kl.2	Helgesen Tekniske Bygg AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle (s)
fagleiar byggesak



Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Kopi til:

Rognaldsen Bakeri AS Ådnevik 5955 Lindås
VVA – teknisk drift